



Hindenes Hus AS  
Postboks 3  
5991 OSTEREIDET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/3864 - 19/20750

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:  
27.06.2019

## Godkjent endring av løyve - gbnr 24/153 Fammestad

**Administrativt vedtak:** Saknr: 392/19  
**Tiltakshavar:** Yvonne Danielsen Skintveit  
**Ansvarleg søkjar:** Hindenes Hus AS  
**Søknadstype:** Søknad om ending av løyve til tiltak etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3/20-4

### Tiltak

Saka gjeld søknad om endring av gitt løyve til oppføring av bustad med sokkelleilegheit, jf. vedtak datert 09.04.2019. Endringa gjeld heving av topp golv med 1,2m frå kote ca +71,2m til kote +72,4m.

Det vert elles vist til søknad mottatt 18.06.2019.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 18.06.2019 og frist for sakshandsaming er 12 veker, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 21-7 8.ledd.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen 2011- 2023 sin arealdel er definert som LNF-føremål med spreidd bustadbygging på Fammestad Nord.

### Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje ny dispensasjon. I løyve frå 09.04.2019 ble det gitt dispensasjon frå gesims- og mønehøgde målt frå planert terreng, jf. KPA pkt. 5.14.

### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

### Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 21.05.2019.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 10,5 meter.



Avstand til offentlig veg er opplyst å vere 19,5 meter.  
Det er søkt om topp golv på kote ca. + 72,4m og mønehøgde på kote ca. + 9,4m.

#### **Vatn og avløp (VA)**

Ingen endringar i forhold til gitt løyve.

#### **Tilkomst, avkjørsle og parkering**

Ingen endringar i forhold til gitt løyve.

#### **Terrenghandsaming**

Gjort greie for i løyve frå 09.04.2019.

### **VURDERING**

#### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

#### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til sin funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

#### **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1, jf. § 20-3 vert det gjeve løyve til endring av tiltak i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:**

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan mottatt 21.05.2019 jf. pbl. § 29-4/SAK § 6-3.
2. Vilkår som er gitt i vedtak datert 09.04.2019, administrativt vedtak saksnr. 204/19 gjeld.
3. Gesims- og mønehøgde i meter skal ikkje endrast.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr. «18/3864».

#### **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

**Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Det same gjeld dispensasjonsløyvet frå tidlegare 09.04.2019.

**Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

**Ferdigstilling**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Byggverket må ikkje takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Hindenes Hus AS  
Richard Bergetun Hindenes  
Yvonne Danielsen Skintveit

Postboks 3            5991  
Tveitastø 2 A        5913  
Tveitastø 2 A        5913

OSTEREIDET  
EIKANGERVÅG  
EIKANGERVÅG